

103388

DAG OG TID 25/5.87.

Norsk «nøytralitet» 1939-40

Ytring

I DT nr. 19 imøtegår Oddvar Nordeide eit tidlegare innlegg av Svein Blindheim, der sistnemnde hevda at nyare gransking måtte føre til «ei omvurdering av Noregs krig». Nordeide peikar på at tyskarane alt før 9. april torpederte ei rekke norske skip, og synest meine at dette skulle gi Noreg grunn nok til å vike frå den nøytralitetslina som riksstyret hadde lova å følge.

Eg reknar med at Blindheim vil greie ut om kva relevans dette kan ha for den omvurdering han tek til orde for. Her vil eg berre nemne nokre data som må vera svært viktige i denne samanhengen:

1. Alt 11/11 1939 stilte det norske riksstyret — gjennom Rederforbundet — 1,5 mill. tonn tankskip og 800 000 tonn tørlastskip til rådvelde for vestmaktene. Tingingar hadde då foregått heilt frå krigsutbrotet i september. (Egeland: Gjennom brott og brann)

2. Hermann Boehm skriv i boka «Norge mellom England og Tyskland»: Midt i februar 1940. Engelske og franske offiserer besiktiger i forståelse med norske autoriteter egnede landstigningsplasser.

3. «Altmark»-affæren er velkjent. 16/2 1940.

4. I ein omtale av tidlegare redaksjonssekretær Grønnevold Olsen skriv «Aftenposten» 24/5 1981: — Han var sekretær i for-

eningen Norges Sjøforsvar fra starten av. I denne egenskap ble han vinteren 1939-40, før tyskerne okkuperte Norge, medlem av en gruppe som påtok seg spesialoppdrag for å gjøre malmtransporten fra Norge til Tyskland mindre effektiv. Det var Winston Churchill som tok initiativet til denne gruppen.

Anten det er slik eller slik med den tyske sjøkrigen før 9. april, så rører det neppe ved faktum: At det var vestmaktene med Winston Churchill i spissen, som med kaldt blod kasta vårt land inn i sin krig.

Trygve Engen
Nesna